



Arbeids- og sosialdepartementet

"Et enklere tiltakssystem tilpasset brukernes behov" - høyringsfråsegn

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Forslaget til endringar i dei arbeidsretta tiltaka vart handsama i møtet 24. juni 2014, sak 15/14. Aurland kommune slutta seg til første avsnitt i fråsegna og reserverte seg mot resten av fråsegna. Sogn regionråd vedtok følgjande fråsegn til endringar i arbeidsretta tiltak:

Det er positivt at regjeringa ønskjer eit enklare tiltakssystem og at det blir gitt signal om at brukarane sine behov skal stå i sentrum.

Det knyter seg stor uvisse til om endringane som er føreslegne vil gi eit betre tilbod til brukarane/ arbeidssøkjjarane. Dette er ei viktig sak som gjeld svake enkeltbrukarar utan sterke talsorganisasjonar.

Regjeringa har varsla at det kjem ei stortingsmelding om arbeidsmarknadstiltak til hausten. Sogn regionråd ber om at dei arbeidsretta tiltaka ikkje vert endra no, men istaden inngår i stortingsmeldinga og at Stortinget tek stilling til totaltilbodet på dette området.

Den kommunale eigarskapen sikrar stabilitet overfor bedrifta og er ein styrke for attføringsarbeidet. Det er ikkje dokumentert at anbudsutsetjing gir betre tenester for brukarane/arbeidssøkjjarane. Om ein ønskjer å la andre ikkje-kommersielle aktørar sleppa til kan det gjerast utan anbudsutsetjing, til dømes ved små justeringar i regelverket ev. som ei forsøksordning.

Kommunar med tynt befolkningsgrunnlag kan risikera at få eller ingen tilbydarar vil finna det kommersielt interessant å driva attføring i området. Kommunane sitt øvrige tenestetilbod vil måtte bli rusta opp for å handtera grupper som elles ville fått eit tilbod i vekst- og attføringsverksemda.

Anbudsutsetjing av attføringstenestene vil få store konsekvensar for brukarar, bedriftene og lokalsamfunn. Forslaget til forskriftsendring er inga lita endring, for Sogn og Fjordane utgjør det 50 % av tiltaksplassane. Dei folkevalde bør få seia si meining om saka. Sogn regionråd ber om at spørsmålet om anbod og kven som skal utføra attføringsarbeidet blir sett i ein heilskap i stortingsmeldinga som kjem til hausten.

Det vert elles vist til høyringssvara frå kommunane.

Med helsing

Harald Offerdal
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift